

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 14.10. 2013 kl. 16.05

Møtestad: " Høgda "

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset og Svein Kvaløy.

= 4 voterande

Eva Rinde Habostad hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte ordførar Jan Ove Tryggestad, ass. rådmann Kjartan Lied og økonomisjef Ståle Anker Ljøen.

Det vart bestemt at sak 23/13 blir orienteringssak.

SAK 21/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 24. JUNI 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 24. juni 2013 blir godkjent.

SAK 22/13

VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 – STRANDA KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 09.10.2013.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 40.000,00.

SAK 23/13
AVTALE MED BREEZE FARSTAD AS

Styreleiar Inge Gjærde orienterte. I forkant av møtet hadde det kome ei ny saksutgreiing frå rådmannen med nye opplysningar i saka. Desse nye opplysningane må bli innarbeidd i kontrollutvalet sine saksdokument før utvalet kan behandle saka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir oversendt til advokat for juridisk utgreiing. Kontrollutvalet vil på neste møte vedta ein uttale som skal leggast fram for kommunestyret 27. november 2013.

SAK 24/13
OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL I STRANDA KOMMUNE

Assisterande rådmann opplyste at eigarskapsmelding var under arbeid. Det vart frå utvalet mellom anna presisert behovet for styrevervregister, eigarstrategiar, administrativt ansvar for eigarskapsutøving og at saka burde ha prioritet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil følgje opp saka.

SAK 25/13
PROSJEKTSKISSE FORVALTNINGSREVISJON - STRANDAFJELLET

Prosjektet kan vere omfattande og det er behov for avgrensingar. Avgrensingar som vart drøfta er:

- Salsprosessen
- Kva som skjedde i utbyggingsfasen
- Mulige forbetringar av prosessar
- Relasjonar mellom føretaket og aksjeselskapet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om ei projektskisse til neste møte.

SAK 26/13

**ORIENTERING OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I STRTANDA
KOMMUNE, JF 2. TERTIALRAPPORT 2013**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 09.10.2013.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Svein Kvaløy
medlem
(sign.)